



Referat frå kommunemøte torsdag 10. september

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka og fylkeskommunen

Ikkje til stade: Eidfjord kommune, Fjaler kommune, Modalen kommune, Sunnfjord kommune, Sogndal kommune, Stord kommune og Stryn kommune

1. Neste møte

- Nytt telefonmøte med kommunane er førstkomande **torsdag 17. september kl. 13.30**. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 13.20. Hugs å skrive namn på kommune/organisasjon i kommentarfeltet. Vi vil ikkje lenger gjennomføre opprop ved møtestart.

2. Kort orientering etter møte med statsrådane Bent Høie og Monica Mæland

Hovudbodskapen til helseministeren er at vi som samfunn må planlegge slik at vi klarar å stå i hendinga over lang tid enno. Det er viktig å planlegge for å ha tilstrekkeleg høg kapasitet i tenestene, minst fram til sommaren 2021. Han understreka at det betyr at det ikkje vil vere tilstrekkeleg å omdisponere personell internt, men at auken i kapasiteten må gjerast gjennom rekruttering og anna oppskalering. Han nemnte at eit bidrag til auka kapasitet, kan vere at smittesporing og testing vert utført av andre enn helsepersonell.

Ministeren er òg opptatt av at kommunane har eit kontrollansvar for andre typar arrangement enn dei der det er skjenking av alkohol. Vi veit at t.d. dei store utbrota i Fredrikstad, Sarpsborg og andre delar av Østfold, skuldast ei religiøs feiring eller markering. Vi vil ta opp med Helsedirektoratet om kva som eventuelt er dei konkrete forventningane til kva kommunane bør gjere. I mellomtida oppmodar vi om at kommunane prøver å fange opp opplysningar om arrangement som er planlagt, og tar kontakt med arrangør viss det ikkje allereie er gjort.

Ein annan bodskap Bent Høie påpeikte, var at det er nødvendig med skjerpa merksemd på at folk må halde seg heime frå arbeidsplassar, skular og andre møteplassar viss dei har symptom.

3. Smittesituasjonen i fylket

Som alle er kjent med har vi no fleire lokale smitteutbrot i fylket. Dette er først og fremst i Bergen, men òg i andre kommunar. Viss vi ser på MSIS-tala så er ca. 250 personar testa positivt for covid-19 i Vestland dei siste to vekene. Det er samstundes viktig å vere bevisst på at registreringane i MSIS skjer med utgangspunkt i folkeregistrert kommune, og ikkje opphaldskommune. Dette gjer at smittetala i kommunar med mange studentar og andre tilflyttarar som ikkje melder om flytting, vil i realiteten vere høgare enn tala i MSIS visar.



Vi ser at det byrjar å bli ei viss trøttheit i befolkninga. Dette har betydning for kva tiltak ein vel å nytte og korleis ein kommuniserer dem ut. Vi vinn ikkje denne kampen utan å ha med oss befolkninga.

Mange kommunar rundt Bergen oppmodar no sine innbyggjarar om å ikkje reise til Bergen. Vi ønskjer å understreke at det er trygt å reise til sjukehusa så lenge ein følgjer smittevernreglane.

Helse Bergen understrekar at det er viktig at dette vert kommunisert ut slik at ein unngår at pasientar som av ulike grunner skal til sjukehuset vel å ikkje reise. Sjukehusa er trygge og det er viktig å unngå ei forskyving i all behandling. Det same gjeld òg for dei tilsette. Det er viktig at dei tilsette ved sjukehuset ikkje vert redde slik at dei ikkje torer å reise på jobb. Alle må bidra i å kommunisere ut dette.

4. Situasjonen i Bergen kommune v/Kommunaldirektør Robert Rastad

Kommunen har god dialog med relevante aktørar. Tidlegare på dagen hadde kommunen eit møte med dei ti omsegnskommunane om smittesituasjonen.

Kommunen har sett at det er viktig å gå ut med god informasjon og dele kunnskap for å motverke tiltakstrøttheit før nye tiltak vert sett i verk. Eit døme er at det har vore ei oppfatning at smitte ikkje oppstår på uteplassar. Kunnskap dei har fått gjennom smittesporinga viser at dette ikkje stemmer. Denne kunnskapen hadde det vert føremålstenleg å dele med utelivsbransjen før dei nye tiltaka vert sett i verk. Det kunne ha auke forståinga for tiltaka og såleis redusere trykket frå denne bransjen i etterkant av iverksetting.

Det har over ei lengre periode vore høge smittetal i kommunen, men dei føregåande vekene har smitten i all hovudsak vore avgrensa til studentmiljøa. Dei siste dagane har kommunen sett at smitten har spreidd seg til ein større del av samfunnet, og at den største veksten er utanfor studentmiljøa. For å få kontroll på denne smitten har kommunen sett det naudsynt å sette kriseleiinga og innføre ei ny lokal forskrift. Forskrifta er i første omgang gjort gjeldande i 10 dagar. Det vil snart kome ei presisering av forskrifta.

Det har i liten grad kome smitte inn i institusjonane i samband med dette smitteutbrotet, men det har vore nokre enkeltilfelle. Kommunen følgjer utviklinga nøye.

Kommunen opplever ei viss trøttheit i organisasjonen, særleg hjå dei som arbeider med smittesporing. Kommunen omplasserer tilsette i eiga verksemد for å avlaste, men ber samstundes om hjelp frå dei andre kommunane/andre aktørar i fylket til gi støtte i ein avgrensa periode. Dei treng i første omgang hjelp den neste veka.

Det vart i vår oppretta eit eige koronahotell i Bergen. Fram til no har det vore få personar som har nytta dette tilbodet. Etter at smitteutbrotet blomstra opp i studentmiljøet, har det vore opp til 130 personar på hotellet samstundes. Hotellet er berre for personar som er smitta, og som ikkje har alternative moglegheiter for å vere i isolasjon. Det vert forløpende vurdert om det er naudsynt å auke kapasiteten. Slik situasjonen er i dag er kommunen pressa for kapasitet, men i rolegare periodar vil dette vere eit tilbod som kan avlaste andre kommunar ved behov.

Kommunen har stor merksemđ på testing og førre veke vart over 9000 personar testa. Dei held fram med å auke kapasiteten. Det vert no planlagt å flytte teststasjonane til lokasjoner som kan oppretthaldast eit år fram i tid. Det vert testa relativt mange på Bergen lufthavn Flesland og på teststasjonen som er etablert ved hamna.



Ei utfordring for kommunane er den økonomiske belastninga. Kostnadane er langt høgare enn dei som er kompensert så langt. Det er krevjande for kommunane å stå i ein slik situasjon. Det er viktig at Regjeringa opprettheld bodskapen om at dei skal støtte økonomisk. Dette gjeld òg for næringslivet.

Det har vore nokre døme på at det kan vere enkelte utfordringar i samarbeidet mellom slitne tilsette i eigen kommune og nabokommunar. Det vert oppmoda om at slike diskusjonar vert løfta opp på leiarnivå, slik at ein kan løyse desse på ein best mogleg måte. Det er viktig at ein står saman i arbeidet knytt til å redusere smitte og finn gode løysingar saman.

Fylkesmannen

Frå Fylkesmannen oppmodar vi sterkt andre kommunar om å gi personellstøtte til Bergen.

Det er òg viktig at ein teiknar ned nokre av erfaringane frå dette utbrotet slik at vi kan trekke med oss erfaringar inn i den vidare handteringa.

Monica Mæland nemnde på møtet med Fylkesmennene at det arbeider med ei ny tiltakspakke, særleg med tanke på reiselivet. Det vert arbeidt òg med fleire tiltakspakker til kommunane.

5. Tiltak og tilrådingar i Bjørnafjorden kommune v/Ass. kommuneoverlege Jonas Dale

Bjørnafjorden kommune har så langt hatt 23 smitta i heile perioden. Den siste tida har dei hatt ca. éin ny smitta i veka. Etter ferien har smitten kome frå Bergen, og kommunen ser difor på utbrota i Bergen som den største smittekjelda per no. Etter at Bergen kommune iverksette tiltak denne veka, valde Bjørnafjorden å supplere med eigne tiltak.

Følgjande tiltak er sett i verk:

- Alle tilsette i Bjørnafjorden kommune som bur i Bergen skal så langt som mogleg ha heimekontor.
- Dei tilrår at personar som er busett i kommunen og arbeider i Bergen om å bruke heimekontor så langt det er mogleg.
- Dei har gått langt i å oppmode innbyggjarane i kommunen om å ikkje reise til Bergen viss dei ikkje må, og unngå plassar der mange folk samlast.
- Tilrår bruk av munnbind på reiser til Bergen.

Etter rådføring med Folkehelseinstituttet, har Bjørnafjorden kommune avgjort å følgje dei nasjonale reglane for arrangement og private tilstellingar, og ikkje Bergen kommune sine innskjerpingar.

Bjørnafjorden kommune tek heller ikkje imot praksisstudentar frå Bergen i denne 10-dagars perioden.

For meir informasjon sjå nettstaden til kommunen:

<https://bjornafjorden.kommune.no/aktuelt/arkiv/tilradingar-til-innbyggjarar-i-bjornafjorden-kommune-i-samband-med-smittesituasjonen-i-bergen.23386.aspx>



6. Vurdering av om helsepersonell kan arbeide

Vi har fått inn spørsmål om korleis ein skal gå fram for å vurdere om tilsette kan møte på jobb etter opphold i Bergen, der det no er stor smittespreiing.

Helse Bergen informerer om at dei gjennomfører ei prescreening av sine tilsette for å vurdere om dei må gjennomføre test eller ikkje. Dei har god dialog ut mot dei tilsette og legg opp til å ha låg terskel for å kontakte leiar ved det minste symptom, eller mistanke om at ein kan vere smitta. Sjukehuset har laga eigne rutinar ved innleige av personell frå utlandet.

7. Vaksine

Covid-19 vaksine

Norge er med i EU sitt initiativ, der vi har kjøpt oss inn i avtalen og vil få vaksinar frå Sverige. Vi vil få vaksinar ut i frå befolkningsstorleik. Det vil truleg vere snakk om fleire typar som blir tilgjengeleg etterkvart. Det var vaksinen frå Astrazeneca som var aktuell i første omgang, men denne blir no noko forseinka grunna nærmare granskning av biverknadar.

Bestefallsscenario er at ein får nokre vaksinedoser tidleg på året, men dette er i beste fall. Vi må ta høgde for at det kan ta lengre tid. Full vaksinering av befolkninga, viss det er ønskeleg, vil ta tid.

Kva type vaksine som vert tilgjengeleg (kven dei passer til, kva effekt dei har osb.) vil påverke kven som vert prioritert ved vaksinering.

Influensavaksinasjon

Vi har ikkje nok vaksinar til heile befolkninga. Det er venta at etterspurnaden vil vere større enn tilbodet. Det er i utgangspunktet berre dei i målgruppene (helsepersonell og dei i risikogruppene) som kan få vaksine i første runde. FHI vil kome med råd knytt til korleis ein skal halde seg til vaksinering av resten av befolkninga.

Noreg har i år fått tilgang til ein trivalent vaksine, Fluad. Det er ein tilsett ein substans som aukar immunresponsen og dermed gir betre effekt hos dei eldste enn den tradisjonelle vaksinen. Tal doser er avgrensa, og skal først prioriterast til bebruarar >65 år i sjukeheimar og omsorgsbustader. Prisen vil vere den same som for vanleg influensavaksine, men Fluad kjem til Noreg først i november. Det er difor viktig at kommunen har ein oversikt over dei som skal ha denne, slik at vaksinen blir satt raskt når den kjem. Dei som skal ha Fluad, skal ikkje ha vanleg vaksine først, men vente til Fluad blir tilgjengeleg.

For meir informasjon om Fluad-vaksina sjå FHI.no: <https://www.fhi.no/meldinger/ny-influensavaksine-til-beboere-i-sykehjem-og-omsorgsboliger/>

8. Kommunen sitt ansvar for transport av pasientar

Helsedirektoratet skriv at formelt har ikkje kommunen noko plikt til å dekke utgifter knytt til reising for testing, anna enn ved pålagt testing ved mistanke om smitte og i samband med smitteoppsporing jf. Smittevernloven § 3-6. Kommunen sitt ansvar etter helse og omsorgslova § 3-1 for å sørge for naudsynte helse- og omsorgstenester, jf. § 11-1 om økonomisk ansvar, vert ikkje utvida som følgje av interkommunalt samarbeid om tenestetilbodet.



I møtet vart det spurd om kva som er spesialisthelsetenesta sitt ansvar. Vi legg ved eit skriv frå Helse Bergen som omtalar korleis pasientreiseforskrifta er å forstå i samband med Covid-19-pandemien.

Vi ser at det er situasjonar som kan vere i ei gråsone mellom det som klart er privatpersonen sitt ansvar, og kommunen eller spesialisthelsetenesta (Pasientreiser) si plikt. Vi tilrår difor at kommunane vurderer den einskilde situasjonen for å sikre at dei ein ønskjer testa vert testa.

9. Smittevernutstyr

Helsedirektoratet informerer om at dei no har stabil tilførsel av smittevernutstyr, og det kjem store containerlass sjøvegen. Det er òg stadig færre kommunar som melder om liten lagerbehaldning.

Fleirbruks stellefrakkar

Vi viser til e-post som vi sendte kommunane på måndag, der vi orienterte om at Helsedirektoratet samlar opp fleirbruks stellefrakkar på beredskapslager og ønskjer å fordele desse til kommunar som ønskjer/har behov for desse frakkane. Vi bad i same e-post kommunar som har behov/ønske om frakkar melde frå til samhandlingsutvalet dei hører inn under.

Vi ber om at kommunar som ønskjer slike frakkar, men ikkje har meldt dette til sitt utval, melder frå om ønskt volum (tal frakkar) til sitt samhandlingsutval innan måndag 14. september kl. 09.00.

10. Kurs i palliativ pleie og omsorg til koronapasientar

Helsedirektoratet informerte i går om at dei 16. september vil gjennomføre eit kurs i palliativ pleie og omsorg til koronapasientar. Det vil i neste veke kome informasjon om kurset på nettstaden til Helsedirektoratet.

11. Nasjonal kartlegging av kommunelegefunksjonen

På måndag sendte vi ut ei spørjeundersøking som ein den av ei nasjonal kartlegging av kommunelegefunksjonen under koronapandemien. Frist for å svare på spørjeundersøkinga er fredag kl. 12.00. Så langt har 28 av 43 kommunar svart. Det er viktig at alle svarer på kartlegginga!

Viss de har spørsmål om kartlegginga ta kontakt med Mari Severinsen (mari.severinsen@fylkesmannen.no).

12. Digital fagsamling om samfunnstryggleik og beredskap 20. oktober

Det er no stadfesta at den digitale fagsamlinga vil bli arrangert tysdag 20. oktober. Planlagt tidsrom for samlinga er kl. 09.00 til 12.00, men dette kan bli justert ved behov. Tema for samlinga vil vere covid-19-pandemien.